



Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Saksnr.	Møtedato	Sakshandsamar
FORMANNSKAP	073/15	26.11.2015	HELALM

Avgjerd av: Solund formannskap	Arkiv: K2-L32, K3- &30 Objekt:	Arkivsaknr 15/517
--------------------------------	--------------------------------------	----------------------

GODKJENNING AV ADRESSEPLAN FOR SOLUND KOMMUNE

ADMINISTRASJONSSJEFEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

I medhald av matrikkellova § 21 og matrikkelforskrifta kap. 12 Adresser vedtek Solund formannskap framlegg til Adresseplan for Solund i samsvar med kart datert 15.09.2015.

26.11.2015 FORMANNSKAP

Votering:

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR-073/15 VEDTAK:

I medhald av matrikkellova § 21 og matrikkelforskrifta kap. 12 Adresser vedtek Solund formannskap framlegg til Adresseplan for Solund i samsvar med kart datert 15.09.2015.

DOKUMENTLISTE:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
4	I	16.09.2015	Torbjørn Trageton	INFORMASJONSFALDAR
5	I	17.09.2015	Tragetons Kjelde	REFERAT FRÅ MØTE INNFORING VEGADRESSE 15.09.15
6	I	18.09.2015	Tragetons Kjelde	UTKAST TIL SØKNAD OM GEOVEKSTMIDLAR TIL DELFINANSIERING AV FELLES ADRESSEPROSJEKT FOR KOMMUNANE ASKVOLL
7	I	20.09.2015	Tragetons Kjelde	OVERSENDING AV PROSEDYREDOKUMENT INNFORING VEGADRESSE
8	I	24.09.2015	Tragetons Kjelde	REFERAT FRÅ MØTE INNFORING VEGADRESSE 22.09.15
2	U	07.10.2015	Firda og heimesida	ANNONSE
1	U	07.10.2015	Firda og heimesida	UTKAST TIL VEGADRESSEPARSEL
3	I	08.10.2015	Firda	ANNONSE FIRDA
9	I	11.10.2015	Tragetons Kjelde	KVALITETSYSTEMET FOR VEGADRESSER
10	I	18.10.2015	Tragetons Kjelde	INNFORING VEGADRESSE KVALITETSSYSTEMET M.V.
11	I	20.10.2015	Tragetons Kjelde	SAKLISTE MØTE INNFORING VEGADRESSE 02.11.15
12	I	22.10.2015	Tragetons Kjelde	UTKAST SØKNAD OM PROSJEKTSTØNAD TIL ADRESSEPROSJEKTET TIL HAFS KOMMUNANE
15	U	16.11.2015	KS	SØKNAD OM GEOVEKSTMIDLAR TIL DELFINANSIERING AV FELLES ADRESSEPROSJEKT
14	U	16.11.2015	Sunnfjord Energi	ADRESSEPROSJEKT TIL HAFS KOMMUNANE SØKNAD OM TILSKOT
17	U	24.11.2015	sjå liste	REFERAT FRÅ MØTE 23.11.2015 - NAMNENEMND ADRESSEPROSJEKT
16	U	24.11.2015	Ngir	INNFORING AV VEGADRESSER I SOLUND KOMMUNE – SØKNAD OM PROSJEKTSTØTTE

VEDLEGG I SAKA:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
-----------	----------	-----------------	--------------------------	---------------

Kart over adresseparsellar; «Adresseparsell Hardbakke» og «Adresseparsell Solund».

AKTUELLE LOVER, FORSKRIFTER, AVTALER M.M.:

Matrikkelova § 21

Matrikkelforskrifta kap. 12 Adresser

Kommunestyrevedtak 24/14 Godkjenning av forskrift for namnesetjing, adressering og adresseforvaltning i Solund kommune.

KVA SAKA GJELD:

Ein adresseplan er ein plan for utforminga av vegadressesystemet i kommunen. Planen fastset den geografiske plasseringa av utgangspunktet for nummertildelinga til adresseeiningane i kommunen og inndelinga av vegsystemet i kommunen i adresseparsellar som skal få eigne namn, som så dei einskilte adresseeiningane får sine nummer til i samsvar med nasjonale reglar. For dei delane av kommunen der adresseeiningane ikkje kan knytast til eksisterande vegsystem, er adresseparsellane (som òg skal ha eigne namn) avmerka med grøn yttergrense på plankartet.

På kartet er vegnettet i kommunen inndelt i tre nivå relatert til adressesystemet; raud farge for hovudvegar, blå farge for vegar som går ut frå hovudvegane og gul farge for vegar som går ut fråvegar i nivå 2. (Denne inndelinga er i samsvar med nasjonale reglar for nummertildeling.)

Som det går fram av kartet inneheld planen 39 vegparsellar og 11 områdeparsellar påført sitt nummer. (Dette er parsellen sitt referansenummer i den komande namneprosessen.)

Parsellane er skildra i eiga liste i kartet.

SAKSUTGREIING:

Kommunane Askvoll, Fjaler og Hyllestad etablerte eit interkommunalt samarbeid i arbeidet med å få etablert vegadressesystem i sine kommunar.

Solund kommune slutta seg til dette interkommunale samarbeidet no i sommar.

I dei tre kommunane si felles kommunale adresseforskrift er det teke inn sakshandsamingsreglar for adresseplanen til kommunen. Slike reglar finst korkje i dei nasjonale forskriftene eller i Solund sine lokale forskrifter. Etter forskriftene til Askvoll, Fjaler og Hyllestad skal forslag til kommunen sin adresseplan leggjast ut til offentleg høyring før forslag vert sendt formannskapet til godkjenning.

Administrasjonen i Solund har valt å fylgje denne regelen. Høyring av planen vart kunngjort i Firda og på kommunen si heimeside den 07.10.2015. Då høyringsfristen var ute, var det ikkje kome merknader til utkastet til planen. Denne vil verta oppdatert når det oppstår behov for det. Slik oppdatering vil skje samordna med at formannskapet vedtek namn til ny adresseparsell.

VURDERING:

Administrasjonssjefen er glad for at fagadministrasjonane i dei 4 HAFS-kommunane samarbeidar om etablering av vegadressesystemet i regionen og tilhøyrande aktivitetar. Det medfører samordna utføring og innkjøp av skilt og monteringsmateriell, samordna rutinar i sakshandsaming og likt kvalitetssystem for adresseforvaltninga i dei 4 kommunane.

Adresse er del av folks identitet. Derfor er det viktig at folk vert invitert til å ta del i prosessane gjennom offentlege høyringar både i sjølve systemutforminga og seinare i namnetinga av den einskilte adresseparsell.

Med adresseplanen på plass er grunnlaget for dei oppfølgjande tiltaka etablert.

ETTER ENDELEG VEDTAK UTSKRIFT TIL: